

Prop. 21 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet for 2010 under Justis- og politidepartementet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 19. november 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Justisdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2010. Endringsforsлага er m.a. basert på rekneskapstal per 30. september 2010.

naudsynte utgifter ved tvangsforretning, registrering m.m. under offentleg bubehandling, forkynning som er naudsynt etter lova og utgifter til rettsvitne.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 410, post 21 foreslått redusert med 10 mill. kroner.

2 Forslag om endringar

Kap. 400 Justisdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

I samband med overføringa av Norsk Eiendomsinformasjon as frå Justisdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet frå 1. juli 2010, vert det foreslått å overføre 75 000 kroner frå kap 400, post 01 til kap. 900 Nærings- og handelsdepartementet, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 3410 Rettsgebyr

Post 01 Rettsgebyr

På posten vert det ført inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med sivile saker, tinglysing, skjønn, tvangsforretning, skifte, konkurs m.m.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3410, post 01 med 5 mill. kroner.

Kap. 410 Tingrettane og lagmannsrettane

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter som etter rettsgebyrlova er inkludert i rettsgebyret, jf. kap. 3410 Rettsgebyr, til dømes kunngjeringsutgifter,

Kap. 413 Jordskiftedomstolane

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Jordskifteretten har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekkje det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene vert

ført i eigne saksrekneskap, og utgifter og inntekter skal balansere når saka er avslutta.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 413, post 21 foreslått auka med 2 mill. kroner.

Kap. 3413 Jordskiftedomstolane

Post 02 Sideutgifter

Løyvinga på posten samsvarar med tilsvarende utgifter under kap. 413, post 21.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 3413, post 02 foreslått auka med 5 mill. kroner.

Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer godtgjering og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, lagrettemedlemer, vitne, rettsvitne og reiseutgifter til desse. Løyvinga på posten dekkjer også utgifter til vitne som møter eller på annan måte gir forklaring for Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker samt naudsynte blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 414, post 01 foreslått auka med 10 mill. kroner.

Kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer ordinære driftsutgifter i kriminalomsorga.

Kontroll av urinprøver er eit viktig verkemiddel for å hindre narkotika i fengsla. Kriminalomsorga sine kostnader til kontroll av urinprøvar har auka. For å dekkje deler av meirutgiftene vert det foreslått å omdisponere 1,08 mill. kroner frå kap. 430, post 70 Tilskot, jf. omtale under kap. 430, post 70.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03. Inntektene under kap. 3430, post 03 er venta å verte høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2010. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 5,5 mill. kroner mot ein tilsvarende auke i løyvinga under kap. 3430, post 03, jf. omtale under kap. 3430, post 03.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04. Som følgje av at tilskot frå Utanriksdepartementet til internasjonalt fengselssamarbeid i 2010 er lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga for 2010, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 430, post 01 med 424 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 3430, post 04, jf. omtale under kap. 3430, post 04.

Oppsummering

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 6,156 mill. kroner.

Post 70 Tilskot

Løyvinga dekkjer tilskot til frivillig verksemd i kriminalomsorga.

Innafor løyvinga er det sett av 1,08 mill. kroner til tilskot til Tyrilistiftinga Frankmotunet. Tilskottet vert ikkje nytta i 2010. Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 430, post 70 med 1,08 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga under kap. 430, post 01, jf. omtale under kap. 430, post 01. Midlane vil under kap. 430, post 01 verte nytta til kontroll av urinprøvar.

Kap. 3430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

Post 02 Inntekter frå arbeidsdrifta

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå sal av arbeidsdrifta sin produksjon.

Inntektene som vert ført under posten er venta å verte høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2010. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 3430, post 02 med 7 mill. kroner.

Post 03 Andre inntekter

Løyvinga på posten dekkjer m.a. leigeinntekter for teneste- og leigebustad, refundert kost og husleige samt klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadane.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03. Inntektene som vert ført under posten er venta å verte høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2010. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 3430, post 03 med 5,5 mill. kroner mot

ein tilsvarende auke i løyvinga under kap. 430, post 01, jf. omtale under kap. 430, post 01.

Post 04 Tilskot

Løyvinga på posten dekkjer tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04. Ettersom tilskot frå Utanriksdepartementet til internasjonalt fengselssamarbeid er lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2010, vert det foreslått å redusere løyving under kap. 3430, post 04 med 424 000 kroner mot tilsvarende reduksjon under kap. 430, post 01, jf. omtale under kap. 430, post 01.

Kap. 432 Kriminalomsorga sitt utdanningssenter

Post 01 Driftsutgifter

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 432, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03. Inntektene under kap. 3432, post 03 er venta å verte lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2010. Det vert derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 432, post 01 med 362 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga under kap. 3432, post 03, jf. omtale under kap. 3432, post 03.

Kap. 3432 Kriminalomsorga sitt utdanningssenter

Post 03 Andre inntekter

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 432, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03. Inntektene som vert ført under posten er venta å verte lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2010. Det vert derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 3432, post 03 med 362 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga under kap. 432, post 01, jf. omtale under kap. 432, post 01.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 441, post 01

Løyvinga dekkjer alle ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta (ikkje Oslo politidistrikt), politireserven og politiet sine særorgan (ikkje Politihøgskulen).

Det er venta ein nedgang i talet på produserte pass. Dette vil gje reduserte utgifter på 4,3 mill. kroner. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 01 med 4,3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

Inntektene under kap. 3440, post 03 er venta å verte høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2010. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 20 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 03.

Løyvinga for 2010 vart auka med 8 mill. kroner i samband med endringar i lov om vaktverksemnd, jf. Prop. 1 S (2009–2010) og Innst. 6 S (2009–2010). Forskrifta vil ikkje tre i kraft før i 2011, og det vert på denne bakgrunn foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 01 med 8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 04 og kap. 441, post 01.

Då politi- og lensmannsetaten tok over ansvaret for den sivile rettspleia på grunnplanet i 2006 fekk Statens innkrevjingssentral (SI) ansvar for saksbehandlingssystemet SIAN. Dei siste åra har det vore ei auke i talet på utleggssaker, og dette har ført til auka saksmengde i SIAN. Det vert på denne bakgrunn foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 2,79 mill. kroner til dekking av politiet sin kompensasjon til SI i samband med dei auka utgiftene.

Justisdepartementet har for 2010 fått fullmakt til å bestille varer for inntil 40 mill. kroner utover den gitte løyvinga under kap. 440, post 01, jf. romertsvedtak III i Prop. 1 S (2009–2010) for Justisdepartementet. Det vert foreslått å auke bestillingsfullmakta med 28 mill. kroner til 68 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Oppsummering

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 10,49 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer sideutgifter som politi- og lensmannsetaten har i samband med

asylsaker, under dette utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker.

Målalet for uttransporteringar med tvang var 3 700 i saldert budsjett 2010. Etter ei tilleggsloving i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2010 vart målalet auka med 500 til 4 200.

For å kunne auke talet på uttransporteringar av utlendingar utan lovleg opphald ytterlegare i 2010, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 21 med 3,5 mill. kroner.

I oktober vart det avgjort å stanse returar til Hellas for søkerar som er omfatta av Dublin II-forordninga. Søknadene frå denne gruppa skal prioriterast med sikte på rask retur til heimlandet i staden for Hellas.

Post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjørar og vassdrag, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til søk etter omkomne på havet, innsjørar og vassdrag.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 22 med 3 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i samband med sivile gjeremål

Løyvinga på posten dekkjer sideutgifter i samband med dei sivile gjeremåla.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 23 med 8,5 mill. kroner.

Post 73 Tilskot til EUs yttergrensefond

Noregs tilskot til EUs yttergrensefond for 2009 og 2010 er betalt, og det skal ikkje kome ytterlegare utbetalingar i 2010. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 73 med 14,679 mill. kroner.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Gebyr – pass og våpen

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå gebyr for pass og våpenløyve.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 01 med 20 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

Post 03 Salsinntekter

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 03 med 20 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

Post 04 Gebyr – vakselskap

Løyvinga på posten omfattar eingongsgebyr til dekking av utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmer der politi- og lensmannsetaten rykker ut.

Løyvinga for 2010 vart auka med 10 mill. kroner i samband med endringar i lov om vaktverksemrd. Forskrifta vil ikkje tre i kraft før i 2011, og det vert på denne bakgrunn foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 04 med 10 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01 og kap. 441, post 01.

Post 07 Gebyr – sivile gjeremål

Løyvinga på posten dekkjer gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet – dvs. gebyr for tvangsforretning og forliksrådsbehandling.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 07 med 110 mill. kroner.

Kap. 441 Oslo politidistrikt

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten dekkjer alle ordinære driftsutgifter ved Oslo politidistrikt.

Løyvinga for 2010 vart auka med 2 mill. kroner i samband med endringar i lov om vaktverksemrd. Forskrifta vil ikkje tre i kraft før i 2011, og det vert på denne bakgrunn eit mindrebehov under kap. 441, post 01 på 2 mill. kroner i 2010, jf. omtale under kap. 440, post 01 og kap. 3440, post 04.

Vidare vert det eit meirbehov under kap. 441, post 01 på 2 mill. kroner knytt til drift av personalbarnehagen, jf. omtale under kap. 3441, post 05.

Oppsummering

Samla vert det ikkje foreslått endringar i løyvinga under kap. 441, post 01.

Kap. 3441 Oslo politidistrikt

Post 05 Personalbarnehage

Løyvinga på posten omfattar foreldreinnbetaling og statstilskot til personalbarnehage.

På bakgrunn av venta auke i inntektene frå personalbarnehagen, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3441, post 05 med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 441, post 01.

Kap. 442 Politihøgskulen

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskulen.

På bakgrunn av endra inntektsanslag under kap. 3442, post 03, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 442, post 01 med 9,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3442, post 03.

Kap. 3442 Politihøgskulen

Post 03 Inntekter frå Justisektorens kurs- og øvingssenter

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå drifta av Justisektorens kurs- og øvingssenter i Stavern.

På bakgrunn av endra inntektsanslag vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3442, post 03 med 9,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 442, post 01.

Kap. 455 Redningstenesta

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer m.a. utgifter til den offentlege redningshelikoptertenesta.

På bakgrunn av eit meirbehov under kap. 455, post 21, vert det foreslått å omdisponere 900 000 kroner frå kap. 455, post 01 til kap. 455, post 21, jf. omtale under kap. 455, post 21.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i det enkelte redningstilfelle, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell.

Forbruket på posten er vanskeleg å anslå, då utgiftene varierar med tal på hendingar og omfang av redningsaksjonar. Forutan ein generell auke i

tal på hendingar, har fleire av hendingane innebere større bruk av sivile helikopter- og flyressursar enn tidlegare. Refusjonar til frivillige organisasjonar har også auka utover ordinær prisutvikling.

På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 455, post 21 med totalt 6 mill. kroner. 1,9 mill. kroner av dette vert foreslått motsvara av reduserte utgifter under kap. 455, post 01 og kap. 455, post 45.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til investeringar til Hovudredningssentralen. Posten dekkjer også enkelte investeringskostnader knytt til det internasjonale, satellittbaserte naudmeldesystemet COSPAS-SARSAT.

På bakgrunn av eit meirbehov på kap. 455, post 21, vert det foreslått å omdisponere 1 mill. kroner frå kap. 455, post 45 til kap. 455, post 21, jf. omtale under kap. 455, post 21.

Kap. 456 Direktoratet for nødkommunikasjon

Med bakgrunn i framdrifta i Nødnettprosjektet og kontraktsoppfølginga med leverandøren, er det avtalt endringar på tidspunkt for leverings- og betalingsmilepælar. Det er vidare avklart moment av teknisk, juridisk og økonomisk karakter knytt til avslutninga av fyrste utbyggingsområde. Det er også søkt tatt omsyn til brannetaten og helsevesenet sine ynskje for leveransar og innføring samt planlagde evalueringar i desse to etatane. Som følgje av dette og kravet til realistisk budsjettering, er det behov for endringar i periodiseringa av utgiftene mellom 2010 og 2011. For at staten skal overhalde kontrakten er det behov for å foreslå å redusere løyvinga under kap. 456 og kap. 3456 i 2010, mot ein tilsvarande auke av løyvinga i 2011. Samla ramme for fyrste utbyggingsområde vert ikkje endra som følgje av dette.

Regjeringa tar sikte på å kome attende til Stortinget med forslag om tilleggsløyving i 2011.

Vidare vil Regjeringa i tråd med opplysningane gitt i Prop. 1 S (2010-2011) kome attende til Stortinget med ei nærmare vurdering av spørsmålet om landsdekkande utbygging av Nødnett når evaluering og kvalitetshandsaming føreligg.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer statens kostnader til drift av DNK, og kostnader til leverandøren for dei

områda som er bygd ut og sett i drift i 2008, 2009 og 2010, inkludert kostnader til leige av datalinjer og innplassering av nytt utstyr i eksisterande radiostasjonar.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 456, post 01 med 101,1 mill. kroner i 2010. Hovuddelen av behovet for redusert løyving i 2010 utgjer akkumulerete driftsutgifter for radionettverket attende til 2008 og fram til no samt operatør- og vedlikehaldskostnader som først forfell til betaling for staten når leverandøren formelt har oppnådd milepælar for radionettverket og i kommunikasjonssentralleveransen til naudetatane.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer investering i radionett, utstyr til naudatatares kommunikasjonssentralar og terminalar for det første utbyggingsområdet.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 456, post 45 med 88,8 mill. kroner. Forslaget om redusert løyving knyter seg i hovudsak til investeringar i radionettstrukturen som forfell på kontraktuelle milepælar ved årsskiftet 2010/2011. Ein liten del av forslaget til redusert løyving er knytt til siste del av leveransane til etatane sine kommunikasjonssentralar som forfell til betaling når krav i kontrakten med tillegg er oppfylt på ein milepæl i fyrste tertial 2011.

Den foreslegne reduksjonen av løyvinga under kap. 456, post 45 fører også med seg forslag om å redusere løyvinga under kap. 3456, post 02 Refusjonar, jf. omtale nedanfor.

Kap. 3456 Direktoratet for Nødkommunikasjon

Post 02 Refusjonar

Løyvinga på posten gjeld refusjon av driftsutgifter som er vidarefakturert naudetatane. Det vert foreslått å redusere løyvinga under posten med 16,3 mill. kroner i 2010, jf. omtale under kap. 456, post 45. Forslaget følgjer av eit redusert behov for vidarefakturering av driftskostnader i 2010. Behovet for å redusere løyvinga skuldast i hovudsak at driftskostnader for kommunikasjonssentralane som naudatatare skal betale, først kjem til utbetaing i 2011 samt bestilte endringar frå etatane som vert levert i 2011.

Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til salær og reise- og kostgodtgjering til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnevnd av retten i den einskilde saka eller av Komisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Løyvinga dekkjer også tapt arbeidsforteneste til tolkar og sakkunnige som ikkje har krav på salær i straffesaker. Løyvinga dekkjer vidare visse utgifter til Den rettsmedisinske kommisjon, som honorar/godtgjering, og reise- og kursutgifter. Løyvinga dekkjer dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktor i militære straffesaker, visse utgifter i sivile saker og utgifter i Justisdepartementet til omsetting i rettsoppmodings- og utleveringssaker.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 52 mill. kroner.

Kap. 5630 Aksjar i Norsk Eiendomsinformasjon as

Post 85 Utbytte

Gjeldande løyving under posten i 2010 er 3,3 mill. kroner. Det er vedteke ein utbyttepolitikk for selskapet kor utbytte vert fastsett til 80 pst. av årsoverskotet etter skatt. På generalforsamling til Norsk Eiendomsinformasjon as i 2010 vart det vedteke eit utbytte på 7,665 mill. kroner for rekneskapsåret 2009. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 5630, post 85 med 4,365 mill. kroner.

Kap. 470 Fri rettshjelp

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakføring. Grunna ordninga si karakter er det vanskeleg å anslå utgiftene.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 01 med 1 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

Post 01 Tilkjende sakskostnader m.m.

Sakskostnader tilkjend staten i benefiserte saker vert ført under denne posten.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3470, post 01 med 5 mill. kroner.

Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Utbetalinger som følgjer av at staten er erstatningsansvarleg etter dei alminnelege erstatningsreglane eller har inngått forlik utan å vedgå ansvar, vert belasta denne posten. Unnateke er utbetalinger som følgjer av staten sitt ansvar i kontraktilhøve og ansvar i samband med staten si forretningsdrift.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 471, post 71 med 10 mill. kroner.

Post 72 Erstatning etter strafforfølging, overslagsløyving

Etter straffeprosesslova kapittel 30 og 31, jf. forskrift om standardsatsar for erstatning etter strafforfølging, har ein sikta rett til erstatning for økonomisk tap og til oppreising etter faste satsar for krenking eller anna skade av ikkje-økonomisk art viss vedkommande vert frifunnen, forfølginga vert innstilt eller vedkommande har vore pågripen eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 471, post 72 med 32 mill. kroner.

Kap. 474 Konfliktråd

Post 01 Driftsutgifter

Justisdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 474, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3474, post 02.

På bakgrunn av at venta inntekt i 2010 under kap. 3470, post 02 er auka, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 474, post 01 med 1,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3474, post 02.

Kap. 3474 Konfliktråd

Post 02 Refusjonar

Inntekter på posten er refusjonar som skal dekkje utgiftene til konfliktråda i samband med kurs og konferansar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3474, post 02 med 1,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 474, post 01.

Kap. 475 Bubehandling

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer staten sine regelstyrte utgifter i samband med behandling av saker om tvangsoppløysing av aksjeselskap og saker om konkurs etter konkurslova § 73.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 475, post 01 med 11 mill. kroner.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak, kan nyttast under post 60

Løyvinga på posten skal dekkje staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar. Behovet for løyving er avhengig av kor mange personar det er som bur i mottak. Dette heng saman med kor mange som søker asyl, saksbehandlingstida i asylsaker, talet på løyve og avslag, busetjingstakta, uttransporteringar og kor mange som reiser frå mottaka på eiga hand.

Gjeldande løyving på posten er 2 434 mill. kroner, basert på eit gjennomsnittleg belegg i mottak på 19 840, og at det vil kome 13 500 asylsøkjarar til Noreg i 2010, jf. Prop. 125 S (2009-2010). Nyare prognosar viser at det vil kome om lag 10 000 asylsøkjarar i 2010 (3 500 færre enn det som er lagt til grunn for gjeldande løyving), og gjennomsnittleg belegg i mottak er venta å verte 17 890 (1 950 plassar lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga). Mindreutgiftene som følgje av dette vert anslått til 202,312 mill. kroner.

I sommar vart det utført omfattande hærverk ved Lier og Fagerli ventemottak som har påført UDI meirutgifter. Det har vore naudsynt å setje i verk omfattande strakstiltak for å ivareta tryggleiken og få kontroll over situasjonen. Dette vart primært gjort gjennom å auke bemanninga, ein auka bruk av innleidde vektarar og kjøp av plassar i private bu- og omsorgsløysingar. På denne bakgrunn er det behov for å auke løyvinga under kap. 490, post 21 med 20 mill. kroner.

Oppsummering

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 21 med 182,312 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversetting

Løyvinga på posten skal dekkje utgiftene UDI har til tolking og oversetting i samband med behandlinga av asylsaker.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 22 med 7,786 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktninger

Vertskommunetilskotet skal dekkje kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak i kommunen.

Som omtalt under kap. 490, post 21 er behovet for mottakspllassar i 2010 lågare enn tidlegare lagt til grunn. Talet på kommunar med asylmottak som det skal utbetalast vertskommunetilskot til i 2010 vert derfor også lågare enn venta. Mindreutgiftene som følgje av dette vert anslått til 28,943 mill. kroner.

På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 60 med 28,943 mill. kroner.

Post 70 Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak, kan nyttast under post 60

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til økonomiske ytingar til asylsøkjarar og flyktninger i tida dei oppheld seg i mottak. Satsane for økonomiske ytingar er differensierte på bakgrunn av søkerstatus, familiestatus o.a.

Som omtalt under kap. 490, post 21 vert det gjennomsnittlege talet på bebuarar i mottak i 2010 lågare enn det som tidlegare har vorte lagt til grunn.

På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 70 med 16,115 mill. kroner.

Post 72 Retur og tilbakevending for flyktninger, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekkje både individuell økonomisk støtte ved tilbakevending og tilskot til prosjekt som støtter opp under retur og tilbakevending.

Det er venta eit mindreforbruk på posten med om lag 20 mill. kroner i 2010. Dette følgjer særleg av at arbeidet knytt til etablering av omsorgs- og utdanningssenter for einslege mindreårige asylsøkjarar i deira opphavsland (Afghanistan og Irak) har vore meir tidkrevjande enn venta, og forsinka framdrift i etablering av migrasjonspartnarskap i regi av EU.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 72 med 20 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekkje reiseutgifter for overføringsflyktninger, familiegjenforente (med personar som har fått asyl) og for flyktninger som drar tilbake til heimlandet.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 75 med 2,67 mill. kroner.

Kap. 3490 Utlandingsdirektoratet***Post 01 Retur og tilbakevending for flyktninger, ODA-godkjende utgifter***

Nokre utgifter knytt til retur og tilbakevending for flyktninger kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). På bakgrunn av forslag om reduksjon av løyvinga under kap. 490, post 72, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 01 med 20 mill. kroner.

Post 03 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjende utgifter

Nokre reiseutgifter for flyktninger til og frå utlandet kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). På bakgrunn av forslag om reduksjon av løyvinga under kap. 490, post 75, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 01 med 2,643 mill. kroner.

Post 04 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytt til mottak for asylsøkjarar og flyktninger kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). På bakgrunn av forslag om reduksjon av løyvinga under kap. 490, post 21, 60 og 70, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 04 med 117,447 mill. kroner.

Kap. 491 Utlendingsnemnda*Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling*

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter knytt til behandling av saker i nemndmøte, og er særskilt avhengig av talet på asylsøkjarar og kor stor del av sakene som vert behandla i nemndmøte.

Det har vore færre saker behandla i nemndmøte enn venta, og det har også vore ein vesentleg nedgang i utbetalingane i samband med § 36-saker. På bakgrunn av rekneskapstal og venta ut-

vikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 491, post 21 med 6 mill. kroner.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Justis- og politidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Justis- og politidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2010 under
Justis- og politidepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2010 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|------------|
| 400 | | Justisdepartementet | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert redusert med | 75 000 |
| | | frå kr 320 991 000 til kr 320 916 000 | |
| 410 | | Tingrettane og lagmannsrettane | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert redusert med | 10 000 000 |
| | | frå kr 68 589 000 til kr 58 589 000 | |
| 413 | | Jordskiftedomstolane | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert auka med | 2 000 000 |
| | | frå kr 5 268 000 til kr 7 268 000 | |
| 414 | | Forliksråd og andre domsutgifter | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med | 10 000 000 |
| | | frå kr 113 231 000 til kr 123 231 000 | |
| 430 | | Kriminalomsorga si sentrale forvaltning | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med | 6 156 000 |
| | | frå kr 3 262 363 000 til kr 3 268 519 000 | |
| | 70 | Tilskot, vert redusert med | 1 080 000 |
| | | frå kr 20 631 000 til kr 19 551 000 | |
| 432 | | Kriminalomsorga sitt utdanningssenter (KRUS) | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert redusert med | 362 000 |
| | | frå kr 169 197 000 til kr 168 835 000 | |
| 440 | | Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten | |
| | 01 | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 441 post 01</i> , vert auka med | 10 490 000 |
| | | frå kr 9 102 288 000 til kr 9 112 778 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert auka med | 3 500 000 |
| | | frå kr 188 904 000 til kr 192 404 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|--|
| | 22 | Søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag, <i>kan overførast</i> , vert auka med | 3 000 000 frå kr 6 917 000 til kr 9 917 000 |
| | 23 | Sideutgifter i samband med sivile gjjeremål, vert auka med | 8 500 000 frå kr 53 383 000 til kr 61 883 000 |
| | 73 | Tilskot til EUs yttergrensefond, vert redusert med | 14 679 000 frå kr 96 200 000 til kr 81 521 000 |
| 442 | | Politihogskulen | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med | 9 500 000 frå kr 402 170 000 til kr 411 670 000 |
| 455 | | Redningstenesta | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert redusert med | 900 000 frå kr 632 527 000 til kr 631 627 000 |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert auka med | 6 000 000 frå kr 8 099 000 til kr 14 099 000 |
| | 45 | Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med | 1 000 000 frå kr 6 358 000 til kr 5 358 000 |
| 456 | | Direktoratet for nødkommunikasjon | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert redusert med | 101 100 000 frå kr 274 139 000 til kr 173 039 000 |
| | 45 | Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med | 88 800 000 frå kr 331 626 000 til kr 242 826 000 |
| 466 | | Særskilde straffesaksutgifter m.m. | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med | 52 000 000 frå kr 828 111 000 til kr 880 111 000 |
| 470 | | Fri rettshjelp | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med | 1 000 000 frå kr 5 015 000 til kr 6 015 000 |
| 471 | | Staten sitt erstatningsansvar | |
| | 71 | Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 10 000 000 frå kr 97 692 000 til kr 107 692 000 |
| | 72 | Erstatning etter straffeforfølging, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 32 000 000 frå kr 18 336 000 til kr 50 336 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------|
| 474 | | Konfliktråd | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med frå kr 58 225 000 til kr 59 725 000 | 1 500 000 |
| 475 | | Bubehandling | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med frå kr 59 959 000 til kr 70 959 000 | 11 000 000 |
| 490 | | Utlendingsdirektoratet | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, statlege mottak, <i>kan nyttast under post 60</i> , vert redusert med frå kr 2 434 000 000 til kr 2 251 688 000 | 182 312 000 |
| | 22 | Spesielle driftsutgifter, tolk og oversetting, vert redusert med frå kr 64 813 000 til kr 57 027 000 | 7 786 000 |
| | 60 | Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar, vert redusert med frå kr 208 986 000 til kr 180 043 000 | 28 943 000 |
| | 70 | Økonomiske ytringar til bebuarar i asylmottak, <i>kan nyttast under post 60</i> , vert redusert med frå kr 550 580 000 til kr 534 465 000 | 16 115 000 |
| | 72 | Retur og tilbakevending for flyktningar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 78 404 000 til kr 58 404 000 | 20 000 000 |
| | 75 | Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 14 703 000 til kr 12 033 000 | 2 670 000 |
| 491 | | Utlendingsnemnda | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, vert redusert med frå kr 16 512 000 til kr 10 512 000 | 6 000 000 |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-----------|
| 3410 | | Rettsgebyr | |
| | 01 | Rettsgebyr, vert auka med frå kr 170 739 000 til kr 175 739 000 | 5 000 000 |
| 3413 | | Jordskiftedomstolane | |
| | 02 | Sideutgifter, vert auka med frå kr 5 344 000 til kr 10 344 000 | 5 000 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------|
| 3430 | | Kriminalomsorga si sentrale forvaltning | |
| | 02 | Inntekter frå arbeidsdrifta, vert auka med frå kr 57 966 000 til kr 64 966 000 | 7 000 000 |
| | 03 | Andre inntekter, vert auka med frå kr 14 973 000 til kr 20 473 000 | 5 500 000 |
| | 04 | Tilskot, vert redusert med frå kr 1 624 000 til kr 1 200 000 | 424 000 |
| 3432 | | Kriminalomsorga sitt utdanningssenter (KRUS) | |
| | 03 | Andre inntekter, vert redusert med frå kr 862 000 til kr 500 000 | 362 000 |
| 3440 | | Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten | |
| | 01 | Gebyr - pass og våpen, vert redusert med frå kr 281 600 000 til kr 261 600 000 | 20 000 000 |
| | 03 | Salsinntekter, vert auka med frå kr 50 000 000 til kr 70 000 000 | 20 000 000 |
| | 04 | Gebyr - vaktselskap, vert redusert med frå kr 11 207 000 til kr 1 207 000 | 10 000 000 |
| | 07 | Gebyr - sivile gjeremål, vert auka med frå kr 505 021 000 til kr 615 021 000 | 110 000 000 |
| 3441 | | Oslo politidistrikt | |
| | 05 | Personalbarnehage,vert auka med frå kr 2 844 000 til kr 4 844 000 | 2 000 000 |
| 3442 | | Politihøgskulen | |
| | 03 | Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter, vert auka med ... frå kr 9 493 000 til kr 18 993 000 | 9 500 000 |
| 3456 | | Direktoratet for nødkommunikasjon | |
| | 02 | Refusjonar, vert redusert med frå kr 23 496 000 til kr 7 196 000 | 16 300 000 |
| 5630 | | Aksjar i Norsk Eiendomsinformasjon as | |
| | 85 | Utbytte, vert auka med frå kr 3 300 000 til kr 7 665 000 | 4 365 000 |
| 3470 | | Fri rettshjelp | |
| | 01 | Tilkjende sakskostnader m.m., vert auka med frå kr 1 232 000 til kr 6 232 000 | 5 000 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------|
| 3474 | | Konfliktråd | |
| | 02 | Refusjoner, vert auka med frå kr 1 124 000 til kr 2 624 000 | 1 500 000 |
| 3490 | | Utlendingsdirektoratet | |
| | 01 | Retur og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med frå kr 75 404 000 til kr 55 404 000 | 20 000 000 |
| | 03 | Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med frå kr 14 556 000 til kr 11 913 000 | 2 643 000 |
| | 04 | Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med frå kr 1 516 890 000 til kr 1 399 443 000 | 117 447 000 |

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Justis- og politidepartementet i 2010 kan bestille varer utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

| Kap. | Post | Formål | Samla ramme |
|------|------|---|-----------------|
| 440 | | Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten | |
| | 01 | Driftsutgifter | 68 mill. kroner |

=====

